

## Ung i Kor - Rettleiing til medlemsregister og innsending av årsrapport.



Oppdatert 28. januar 2019

### Steg 1 - Innlogging

Medlemsregisteret til Ung i Kor finn du på nobu.ensembler.no. Ein loggar inn på medlemsregisteret med hjelp av e-postadresse og passord. For å få tilgang til registeret, må du vere sett som administrator i koret ditt. Både dirigentar og styremedlemmar kan vere administratorar i registeret.

Fyrste gongen eit kor blir oppretta, får dåverande styreleiar administratorrettar. Alle seinare administratorar må fyrst få sine brukarar oppretta av ein dåverande administrator, med kontaktinformasjon, for å kunne bli godkjende med tilgang.

Det er Ung i Kor som godkjenner administratorar, og fyrste gongen du får tilgang, får du eit automatgenerert passord tilsendt frå Ung i Kor. Det passordet kan du seinare endre.

Har du gløymt passordet ditt, kan du få eit nytt gjennom å klikke på "Har du glemt passordet ditt?"

### Steg 2 - Informasjon om koret

Når du kjem inn i registeret, skal du sjå ei liste over kor du er administrator for. Lista ligg under kategorien "lokale organisasjoner" i menyen.



### Logg inn

E-post

Passord

Husk meg

[Har du glemt passordet ditt?](#)

# Ung i Kor

 [Lokale organisasjoner](#)[➔ Årsrapporter](#)[Mine søk](#)[Logg ut](#)

Du er nå innlogget.

## Lokale organisasjoner

↓ Navn	↓ Regional organisasjon	↓ Poststed	Antall medlemmer	Tellende i 2019	Årsrapport
<a href="#">Testkor 2019</a>	- ikke angitt -	- ikke angitt -	2	0	<a href="#">Rediger</a> <a href="#">Medlemskap</a> <a href="#">Inaktiver</a>

Om du så går inn på koret, vil du sjå kva kontaktinformasjon Ung i Kor har til koret. Her er det viktig at du ser at all relevant informasjon er oppdatert. Nokre døme:

# Ung i Kor

 [Lokale organisasjoner](#)[➔ Årsrapporter](#)[Mine søk](#)[Logg ut](#)

[Lokale organisasjoner](#) » [Testkor 2019](#)

'Kontingent' ble opprettet

[Last ned medlemmer for 2019](#)[Administrer medlemmer](#)[Rediger](#)

## Testkor 2019

<b>Navn</b> Testkor 2019	<b>Organisasjonsnummer</b>	<b>Regional organisasjon</b> - ikke angitt -	<b>Fasttelefon</b> - ikke angitt -
<b>Postadresse</b> <b>Postadresse</b> Testvegen 14 0506OSLO	<b>Her øver vi</b> <b>Gateadresse</b>	<b>Fylker og kommune(r)</b> <b>Fylker og kommuner</b>	<b>Mobiltelefon</b> - ikke angitt -
<b>Bankkontonummer</b> - ikke angitt -	<b>Kommentar som vises på kart</b> - ikke angitt -	<b>Forsikring</b> <b>Medlemsforsikring</b> Nei	<b>E-post</b> daniel@ungikor.com
<b>Styreperiode</b> 1 år			<b>Webside (vises på kart)</b> - ikke angitt -
<b>Siste styrevalg</b> 14.01.2019			<b>Twitter (vises på kart)</b> - ikke angitt -
<b>Kommentar</b> - ikke angitt -			<b>Facebook (vises på kart)</b> - ikke angitt -

## Kontingentregistrering

<b>År</b>	<b>Kontingent</b>
2018	50 kr

År  Kontingent

Er den fysiske adressa (som regel ein privat postadresse) korrekt?

Er bankkontonummeret korrekt?

Er organisasjonsnummer og dato for siste styreval korrekt?

Er telefonnummer og e-postadresse til rett person?

Er det markert om koret vil ha forsikring gjennom Ung i Kor?

Her må du også hugse på å registrere kontingent for koret, under kontingentregistrering. Her er det viktig å hugse på å registrere kontingent for året du skal rapportere for. Altså: om du skal rapportere for 2018, og ikkje har skrive inn sentral kontingent enno, er det no rett tid å gjere det

### **Steg 3 - Informasjon om songarane**

Gå inn der det står “administrer medlemmar.” Her skal det finnast oppdatert informasjon om medlemmane i koret. Til medlemmane reknar me her songarar, tillitsvalde (styre) og dirigent.

Det fyrste du ser er ei liste på alle registrerte medlemmar. Desse er sorterte etter førenamn. Øvst i lista kjem alle aktive medlemmar. Etterpå vil du sjå ei liste på inaktive medlemmar, som tidlegare har vore medlemmar i koret. Inaktive medlemmar er merkte i svart. Gå gjennom songarane, og sjå til at det rett songarar står som aktive og inaktive. Når du gjer denne oppdateringa i samband med ein årsrapport, må du tenkje på at informasjonen skal vere korrekt for 31.12 - i praksis haustsemesteret - i året du rapporterar for.

Det er viktig å skilje på aktive / inaktive medlemmar på den eine sida, og teljande / ikkje teljande medlemmar på den andre sida. Alle som deltek i verksemda til koret, både songarar, tillitsvalde og dirigent, blir rekna som aktive medlemmar i koret. Alle aktive medlemmar er også medlemmar i Ung i Kor. For å i tillegg vere teljande medlem må du oppfylle tre krav. Du må vere aktiv medlem i koret, du må vere under 26 år, og du må ha betalt kontingent for året det gjeld. Dei teljande medlemmane er det som gjev grunnlaget for støtte frå Frifond. Dei andre aktive medlemmane vil ikkje telje når ein reknar ut den støtta.

NB! I lista vil du sjå ein kolumn som heiter Tellende i 2019. Denne er basert på om kontingent er registrert for inneverande år (2019), og om medlemmen er under 26 i år. Når du rapporterer for føregåande år (til dømes 2018), vil altså denne informasjonen ikkje vere relevant for det som står i rapporten

# Ung i Kor

[Lokale organisasjoner](#)[➔ Årsrapporter](#)[Mine søk](#)[Logg ut](#)[Lokale organisasjoner](#) » [Testkor 2019](#) » Medlemskap

## Medlemskap

[Last ned medlemmer for 2019](#)[Nytt medlemskap](#)

Navn	Alder	Tellende i 2019	Styreverv	Dirigent/Instruktør
<a href="#">Admin i Strator</a>	34	Nei	Styreleder	<a href="#">Rediger</a> <a href="#">Inaktiver</a>
<a href="#">Ung Songar</a>	13	Ikke avgjort		<a href="#">Rediger</a> <a href="#">Inaktiver</a>
Inaktiv Gubbe	30	Nei		<a href="#">Rediger</a> <a href="#">Aktiver</a>

Neste steg er å skrive inn kontingent på kvar einiskild songar. For å få til det, må du gå inn på songaren, og sjå kvar det står “Kontingentinnbetalinger.” Der kan du registrere ei ny innbetaling.

NB! I feltet for registrering står det automatisk inneverande år. Om du altså registrerer også den individuelle kontingenten på etterskot, til dømes at du registrerer for 2018 i 2019, må du hugse å endre dette for at det skal bli rett. Om songarane ikkje står registrerte med innbetalt kontingent i 2018, vil dei ikkje gje grunnlag for støtte gjennom årsrapporten.

# Ung i Kor

[Lokale organisasjoner](#)[➔ Årsrapporter](#)[Mine søk](#)[Logg ut](#)[Lokale organisasjoner](#) » [Testkor 2019](#) » [Medlemskap](#) » Ung Songar

## Ung Songar

[Inaktiver](#)[Rediger](#)[Nytt medlemskap](#)

### Medlemsinformasjon

**Navn**

Ung Songar

**Styreverv**

- ikke angitt -

**Fasttelefon**

- ikke angitt -

**Fødselsår**

2006

**Dirigent/Instruktør**

Nei

**Mobiltelefon**

- ikke angitt -

**Alder**

13

**Yrkesskadeforsikring**

Nei

**E-post**

- ikke angitt -

**Fødselsdato**

- ikke angitt -

**Webside (vises på kart)**

- ikke angitt -

**Kjønn**

Kvinne

**Twitter (vises på kart)**

- ikke angitt -

**Postadresse**

1234

**Facebook (vises på kart)**

- ikke angitt -

### Kontingentinnbetalinger

**År****Innbetaling**

## Steg 4 - Årsrapport

For å sende inn årsrapport, må du gå inn på “Årsrapporter.” Der kan du sjå ei liste over kor du kan rapportere for. Årsrapporten er den årlege stadfestinga av at du er medlem i Ung i Kor, og er også grunnlag for den støtta du får gjennom Ung i Kor, frå Frifond og Momskompensasjon.

Klikk på “Send inn.”



Lokal organisasjon	Gjelder for år	Innleveringsfrist	Tilstand
<a href="#">Testkor 2019</a>	2018	2019-03-01	Ny

Når du går inn i rapporten, får du ei liste med relevante spørsmål, som Ung i Kor treng svar på, for at rapporten skal kunne bli godkjend.

### Mottok dere Frifondmidler i 2018?

Dette gjeld spesifikt om de fekk Frifondmidlar via Ung i Kor.

### Søker dere Frifond i 2018?

Dette gjeld om de søker Frifond frå Ung i Kor.

### Når ble siste årsmøte avholdt?

Koret må ha årsmøte minst annakvart år.

### Hvor mange øvelser hadde dere i 2018?

Dette er berre eit tal som fortel om lag kor stor aktiviteten er, som Ung i Kor nyttar til statistikk.

Etter dette kjem tre spørsmål om konsertaktivitet. Dei er koplå til avtalen Ung i Kor har med Tono, for at medlemskora skal få rett til å framføre norsk og utanlandsk musikk på konsert, utan å søkje om separat løyve.

Desse tala vil altså gje oss og Tono eit betre grunnlag for at norske tonesetjarar og arrangørar kan få betalt for musikken sin. Som ein del av dette må koret også hugse å kvart år sende inn rapport til Tono om kva musikk dei har framført på konsertane sine.

Me vil allereie her minne om at det ikkje vil koste meir eller mindre for det einkilde koret å rapportere få eller mange aktivitetar.

[Årsrapporter](#) » Årsrapport for Testkor 2019, 2018

## Årsrapport for Testkor 2019, 2018

Medlemmer	Tellende
<b>2</b>	<b>0</b>
Menn	Kvinner
<b>0</b>	<b>2</b>
Medlemmer med forsikring	Instruktør / dirigenter med forsikring
<b>0</b>	<b>0</b>

### Frifond

Mottok dere Frifondmidler i 2018?

Ja  Nei

Søker dere Frifond i 2019?

Ja  Nei

Når ble siste årsmøte avholdt?

28 januar 2019

### Aktiviteter

Ca. hvor mange øvelser hadde dere i 2018?

Hvor mange konserter gjennomførte koret / orkesteret totalt i 2018?

Hvor mange av disse konsertene var koret / orkesteret selv ansvarlig for som arrangør?

### Kostnader

Når du fyller inn kostnader:

Bruk det eksakte tallet fra regnskapet (sum alle kostnader). Ved rapportering av flere lag må denne summen bare føres på ett av lagene (eventuelt deles).

Hva var de totale driftskostnadene deres i foregående år?

### Annet

Er dere registrert i frivillighetsregisteret?

Ja  Nei

## Hvor mange konserter gjennomførte koret / orkesteret totalt i 2018?

Her lurer me på kor mange konserter koret var med på til saman.

## Hvor mange av disse konsertene var koret / orkesteret selv ansvarlig for som arrangør?

Dette er eit meir spesifikt spørsmål, som handlar om at fleire ikkje skal rapportere om same konsert. Kva ligg så i dette med arrangør?

To kontrollspørsmål ein kan stille er:

- Har alle konsertar koret har delteke på, vore offentlege?

- b) Kven har arrangert desse offentlege konsertane? Er det koret sjølv som har hatt det logistiske og økonomiske ansvaret, eller er det ein festival, ei konsertscene, eller ein annan separat arrangør?

Det er berre dei offentlege konsertane me er interesserte av her. Me vil også skilje ut konsertar der koret kanskje opptre einskilt, men ikkje sjølve har arrangert konserten. Er du sjølv usikker på korleis dette fungerer, kan det vere lurt å ta kontakt direkte med arrangøren du har arbeidd med.

Mange konsertar er likevel mellomting, og er samarbeid mellom til dømes fleire kor. Om konserten har vorte arrangert saman med eit anna medlemskor, er det sannsynleg ein av dykk, som har hatt det formelle (og økonomiske) ansvaret. Då skal konserten berre stå på årsrapporten til det koret. Det gjeld også om konserten er eit samarbeid mellom til dømes eit barnekor og eit aspirantkor. Om ansvaret har vore heilt delt, og ingen er formell arrangør, må de likevel velje eit av kora som er ansvarleg for å rapportere konserten.

Me minner her nok ein gong om at dette ikkje vil koste meir for koret som arrangerer, derimot er det viktig at talet på konsertar blir så presist som mogeleg.

### **Hva var de totale driftskostnadene deres i foregående år?**

Her reknar me med alle kostnader som koret har hatt under året. Dette er det einaste talet som skal inn i årsrapporten. Medlemskor i Oslo, som skal sende inn revidert rekneskap, gjer dette separat til Oslo-kontoret vårt.

### **Er dere registrert i frivillighetsregisteret?**

Frå og med 2019 må koret vere registrert i Frivillighetsregisteret for å kvalifisere til momskompensasjon.

Når du er ferdig med rapporten, hugs då at registrert styreleiar i koret må stadfeste rapporten. Dette går berre å gjere frå brukaren til styreleiaren.

Har du spørsmål rundt noko i rapporten, eller noko i medlemsregisteret? Ta kontakt på [info@ungikor.no](mailto:info@ungikor.no), eller 22 00 56 40.